

## Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ørnulf Lillestøl	FA - G00	14/842

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
106/2014	Formannskapet	PS	20.10.2014
060/2014	Kommunestyret	PS	30.10.2014

### Folkehelseoversikt i Masfjorden kommune

#### Organiserig av arbeidet

#### Vedlegg:

Folkehelseoversikt

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Kommunestyret tek oversikt over folkehelsa i Masfjorden 2014 til orientering. Kommunestyret ber om at nytt kommunestyre får oversikta til handsaming hausten 2015.**

**Kommunestyret ber rådmannen etablere tverrfagleg samarbeidsfora for folkehelse der også lag og organisasjonar vert invitert til å delta.**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Masfjorden kommune er forplikta etter folkehelselova (av 24. juni 2011) og forskrift om oversikt over folkehelsa (28. juni 2012) å ha «nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkningen og de positive og negative faktorene som kan virke inn på denne» (lova § 5). Etter forskrifta skal denne oversikta foreligge før arbeidet med planstrategi vert gjennomført. Det skal utarbeidast ei slik oversikt kvar fjerde år og ideelt sett i starten av kvar kommunevalperiode og nytt kommunestyre.

Vedlagt fylgjer oversyn over helsetilstanden så langt rådmannen har oversyn over denne. Grunnlagsinformasjon er under utvikling og i ein relativt liten kommune må statistisk materiale handterast med varsemnd då det på nokre område vil vere små tal som kan vere utslag av tilfeldigheter. Over litt sikt vil vi betre kunne sjå trendar og utviklingstrekk som vi kan analysere og samanhalde med våre eigne erfaringar i eigne tenester.

I tillegg til statistikk, generell forskning på tema og tilrådingar frå andre offentlege instansar skal vi også trekkje med leiarar og tilsette i eigen kommune. Kva opplever dei som utfordringsbilete hjå oss, stemmer statistikken med våre forhold, og ikkje minst korleis skal vi førebyggje. Også frivillige organisasjonar og innbyggjarane skal medverke i oversiktsarbeidet.

Eit viktig tema er då korleis vi organiserer dette arbeidet. Folkehelsearbeidet har i periodar

vore organisert som del av arbeidet til tilsette som også har andre oppgåver og i periodar med folkehelsekoordinator i eigen delstilling.

Denne saka er todelt. Del 1 gjeld oversikt i eige vedlegg. Del 2 gjeld spørsmål om organisering og er omtala i dette saksframlegget direkte.

## **Vurdering**

### **Del 1**

Oversikt over helsetilstanden ligg i vedlegg. Denne vert vurdert å vere ein «fyrstegenerasjonsoversikt». Analysearbeidet som er gjennomført med bruk av kunnskap frå helse og omsorgstenestene (jmf lova § 5) er avgrensa. Det er likevel slik at vi er ein relativt liten kommune med god oversikt over helsetilstand i utgangspunktet. Koordinator samarbeider med tilsette og leiarar om einskildprosjekt og er i posisjon til å fange opp dei einskilde sine vurderingar og synspunkt. Som nemt i innleiinga må vi betre systematikken i arbeidet, vi må også betre dokumentasjonen i grunnlaget slik at det framgår kven som meiner og vurderer kva, og på kva grunnlag.

### **Del 2**

Rådmannen vurderer det slik at korleis vi samarbeider og fordeler ansvar må konkretiserast i større grad. Ein person må ha koordinatoransvaret og sikre at det lov og fagmessige vert ivaretatt. koordinator vil også vere sentral i høve kontakt med samarbeidande instansar, organisasjonar og eigne tilsette.. Vår erfaring tilseier at vi ynskjer å ha ein koordinator som er knytt tett både kontormessig og organisatorisk til rådmannsnivået i kommunen. Dette gjev store fordelar i høve informasjonsflyt, å sikre at folkehelseomsyn vert ivaretatt i planprosessar, å sikre forankring administrativt og politisk. Dette betyr at vi no på kort sikt ikkje tilrår å tilsetje ein eigen koordinator i delstilling. Koordinator må også ha ei breiare faggruppe på feltet å støtte seg til. Denne bør ha avgrensa antal deltakarar men samtidig representere større breidde enn koordinator sjølv kan sikre. Folkehelsegruppa bør ha representantar frå helse, sosial/NAV, oppvekst og plan.

Gruppa bør ha som oppgåve å halde oversikta oppdatert, fremje sak for kommunestyret, utarbeide handlingsplan/prioritere tiltak og saman med koordinator halde seg fagleg oppdatert på folkehelsefeltet.

## **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at kommunestyret tek oversikta til orientering. Dette er eit viktig dokument som kommunestyremedlemmene bør ha med seg i alle saker som gjeld befolkninga sine levekår og eller får betydning for framtidige levekår og helsetilstand. Særleg viktig er det i plansaker, spørsmål om organisering av

## **Formannskapet - 106/2014**

### **FS - behandling:**

Saka vart ikkje behandla. Saka går vidare til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

Saka vert tatt opp i kommunestyret.

**Kommunestyret - 060/2014**

**KS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

**Kommunestyret tek oversikt over folkehelse i Masfjorden 2014 til orientering.  
Kommunestyret ber om at nytt kommunestyre får oversikta til handsaming hausten 2015.**

**Kommunestyret ber rådmannen etablere tverrfagleg samarbeidsfora for folkehelse der også lag og organisasjonar vert invitert til å delta.**